



Uskedelinger som presenterte sine verksemder i Dimmelsvik: Rune Hjørnevåg (til venstre) og Gianni Rebaudo. (Foto: Ola Matti Mathisen)

To uskedelinger som har ei lovande verksemd på kvart sitt felt presenterte seg og produkta sine på Bil- og Fritidsmesssa som Dimmelsvik Bil heldt fredag og laurdag. Det var ein skikkeleg markering av at firmaet ved nyttår rundar 10 år.

- Her har det vore mykje folk og dette har vore ein effektiv måte å profilere oss på, sa Rune Hjørnevåg og Gianni Rebaudo til uskedalen.no i messeteltet då messsa gjekk mot slutten.

Ein uskedeling som er ansatt i firmaet og hadde ei sentral rolle i arrangementet, Magnhild Haugland, opplyste at dei hadde starta med å tella dei besøkjande, men gjeve opp! Det dårlege veret laurdag makta ikkje å øydeleggja messa på noko vis.

Gianni, som er frå den italienske riviera, kom til Noreg som dansemusikar på 1970-talet, men no er det lenge sidan han slutta å syngja og la basgitaren på hylla. For 20 år sidan kom han til Uskedalen og starta butikken Papillon, som han seinare flytta til Husnes. Der starta han for ni år sidan firmaet Skilt og ReklameStudio og sidan har han produsert alt mogeleg av skilt i tillegg til vindusdekor, visittkort, bildekor og digitalprint, for å nemna noko.



Øyvind Hardeland laga god stemning med toradaren. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Under messa viste han gongen frå ide til sluttprodukt. Gianni har bokstaveleg tala sett sitt preg på ei rekkje verksemder i Kvinnherad, til dømes også Dimmelsvik Bil. Han har kontor, verkstad og produksjonslokale i butikksenteret på Husnes.



Ella Karina Hjørnevåg frå Uskedalen i aksjon i teiknekroken, til høgre sit mor Janne. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Rune har også pensa seg inn på nye spor. Han starta for vel eit år sidan RH Racing og sel mellom anna radiostyrte bilar, båtar og helikopter i tillegg til at han produserar og sel drivstoff til dei.

Uskedelingen fekk ikkje minst ein knallstart med overtakinga av drivstoffkonseptet frå importør Johan Fonn Lie i Tønsberg. Men sommaren 2007 har vore skuffande.

- Eg har seld ein eindele drivstoff, men ellers har salet regna vekk, opplyser Rune, som også har fått seg ein for han uforståeleg kalddusj av Kvinnherad kommune. Han satsa på kjøp av tomt i nærleiken av Hjørnevåg-bygningane på Børnes og trudde handelen var klar. Men så fekk han til si store overrasking melding frå kommunen om at det var den slett ikkje likevel. Difor står no tomtesaka i stampe.

Det var Bernt E. Bjørsvik, Bjarne Hauge og Håkon Gravdal som stifta Dimmelsvik Bil for ti år sidan. Då tok dei over verkstaden til Johs. A. Hjelmeland og hadde sju tilsette. No er 18 engasjert i verkstad, bilsal og bensintasjon og i desse dagar kjøper dei bygget dei held til i. Trioen er framleis i full aktivitet i firmaet. Bernt er dagleg leiar, Bjarne verksmeister og Håkon mekanikar. Også Wenche Vetlækre frå Løfallstrand har jobba i Dimmelsvik Bil i alle dei ti åra.

Utviklinga har gått fort på bilfronten, ikkje minst datateknisk, og det blir stilt store krav til dei som skal følgja med.



Uskedelingen Magnhild Haugland frista med mat og drikke. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Messa hadde stor spennvidde – den viste nye og brukte bilar, innreiing, profilering, bubilar, campingvogner, modifiserte bilar og andre bilprodukt av alle slag.

Arrangørane hadde laga ein triveleg ramme med eit digert telt i tilknytting til verkstaden, servering av mat og drikke og eigen teiknekrok for barna.

Ein må heller ikkje gløyma dei tre som sto for gode musikalske innslag – toradarspel ved Øyvind Hardeland (også kjent frå den politiske arena) og gitarspel ved duoen Andreas S. Bjørsvik (12) og Eirik Brakestad (11).

Av Ola Matti Mathisen



Det var godt besøk på bil- og fritidsmessa. Eit digert telt heldt regnveret ute. (Foto: Ola Matti Mathisen)